





INNKALLING TIL STYREMØTE

Stad:	Øygarden, Rådhuset
Dato:	03.06.2019
Tid:	12:00- 14:00

05/19	Godkjenning av innkallinga og referat frå sist møte	 Referat styremøte 11.02.19.docx
06/19	<p>Skjønsmidler til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane 2019 Fylkesmannen inviterte kommunane til å søkje om skjønsmidler til fornyings- og innovasjonsprosjekt (prosjektskjøn) for 2019. I denne søknadsrunden skulle Fylkesmannen fordele 27,6 mill. kroner til prosjektskjøn og generell fordeling.</p> <p><u>Følgjande området vert prioritert frå Fylkesmannen:</u></p> <ol style="list-style-type: none"> <i>Kommunale tenester til:</i> <ul style="list-style-type: none"> - Helse og omsorg t.d. velferdsteknologi og auka krav innanfor rus og psykiatri - Barnehage- og skulemiljø - Barnevern eller barn som er utsette for vald og overgrep <i>Digital forvaltning, med vekt på brukarvenlege tenester og innhald:</i> <ul style="list-style-type: none"> - Samfunnsprosjekt som gjer at flest mogleg av kommunane i fylket brukar same kompetanse- og teknologiplattform, vert prioritert <i>Samfunnsutvikling til dømes på desse områda:</i> <ul style="list-style-type: none"> - Rekruttering - Interkommunalt planarbeid til dømes om folkehelse, massedeponi, oppdrett og akvakultur - Kommunale planverktøy og digitale kart - Samfunnstryggleik og beredskap - Klimatilpassing eller tiltak for å redusere klimagassutslepp <i>Interkommunale utviklingsprosjekt:</i> <ul style="list-style-type: none"> - utgreiingar som grunnlag for vidare prosessar i kommunereforma - tenestesamarbeid på område der det har oppstått endringar som følgje av kommunereforma - samarbeid om skogbruks- og landbruksforvaltninga <p>Det vart sendt inn 4 søknader frå Fjell, Sund og Øygarden kommune. Det var to av prosjekta som fekk tildelt midlar i 2019:</p> <p>Førebyggjande rustiltak for ungdom i kommunane Fjell, Sund og Øygarden. Søkt om 1000000 Tildelt 900000</p> <p>Rehabilitering først. Fjell, Sund og Øygarden Søkt om 4000000 Tildelt 1600000</p> <div style="display: flex; justify-content: space-around; align-items: flex-end;"> <div style="text-align: center;">  Prosjektskjønn2019 -fordeling (L)(165017 </div> <div style="text-align: center;">  Tildelingar prosjektskjøn.xls </div> </div>	
07/19	<p>Orienteringssak Status på prosjekt som fekk tildelt prosjektskjønsmidler i 2018 Vedlagt ligg rapport på prosjektet «Barnevernsamarbeid» som fekk tildelt prosjektskjønsmidler i 2018.</p>	 Rapport barnevernsamanslái

08/19	Havrom- og moglegheitsanalyse for havbruksnæringa i Sund, Fjell og Øygarden Prosjektleder Arnt Ivar Kverndal kjem og har ei orientering på status	
09/19	Kunnskapsklynga Rune Landro kjem og har ei orientering på status	
10/19	Ymse Regionrådsmøte september 2019	



Referat frå styremøte

Stad:	Skjenet
Dato:	11.02.2019
Tid:	12.30-14.00
Desse møtte:	Kari-Anne Landro (møteleiar), Marianne Sandahl Bjorøy, Steinar Nesse, Åse Vik (for Siri Pettersen) og Rune Lid. Inger Elin Hetlevik (møtesekretær).
Andre:	
Forfall:	Siri F. Pettersen og Børge Haugetun

Nr	Sak	Konklusjonar/ansvar oppfølging
01/19	Godkjenning av innkallinga og referat frå sist møte	Godkjent- ingen merknadar.
02/19	Skjønsmidler til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane 2019	<p>Fylkesmannen invitere kommunane til å søkje om skjønsmidler til fornyings- og innovasjonsprosjekt (prosjektskjøn) for 2019. Regionråda blir bedd om å vurdere søknadene og prioritere og grunnge prioritertingane av søknadane som er komen inn til Fylkesmannen.</p> <p>Det kom inn 4 søknader på Fylkesmannen sinen skjønsmidler for 2019.</p> <p>Konklusjon: Regionrådet vedtek prioriterting av søknadane slik:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Rehabilitering Først 2. Førebyggjande rustiltak for ungdom i Fjell, Sund og Øygarden 3. Samarbeidsarena for kompetanse og arbeidskraft 4. Digitalisering i omsorgstenesta <p>Grunngjeving for prioritertinga: Regionrådet vest ønskjer å prioritere Rehabilitering Først som nummer ein då dette er eit nybrotsarbeid. Rehabilitering er eit komplekst felt i endring og utvikling. Målet med prosjektet er å utvikle eit innovativt rehabiliteringstilbod på Øygarden lokalmedisinske senter, knytt til døgn og dag rehabilitering, og dreie helsetenester mot meir førebygging, meistring og rehabilitering. Dette ser regionrådet på som eit nødvendig og innovativt arbeid.</p> <p>Førebyggjande rustiltak for ungdom i Fjell, Sund og Øygarden kommunar er og viktig for regionrådet og vert prioritert som</p>

		<p>nummer 2. Det er ei auke innan rusområdet for ungdomsgruppa. Målet er å styrkje og koordinere førebyggjande innsatser og rustiltak for ungdom mellom 13 og 18 år i dei tre kommunane.</p> <p>Søknaden om samarbeidsarena for kompetanse og arbeidskraft er eit prosjekt som tek på alvor at regionalt nivå utfordrar kommunane på dette feltet, og vert prioritert som nummer 3. Prosjektet handlar bl.a om fråfall frå vidaregåande skule og å sjå framtidige kompetansebehov og regionrådet meiner det er viktig å ha fokus på blant anna å leggje til rette for samarbeid mellom aktørar som må bidra til å dekkje ulike kompetansebehov som oppstår i framtida.</p> <p>Digitalisering i omsorgstenesta vert prioritert som nummer 4. Prosjektet har som mål å ha eit felles digitaliseringsverktøy innanfor heimetenesta og ønskjer å innføre nasjonalt anbefalte digitale løysingar i heimetenesta.</p> <p>Sekretariatet sender melding om vedtaket til Fylkesmannen.</p>
03/19	Referatsaker	<p>Årsmeldinga vart drøfta, det kom inn nokre innspel som sendast til Vagleik Brekke for redigering. Årsmeldinga vert så sendt ut til regionrådsmedlemma for godkjenning.</p> <p>Kari-Anne Landro refererte frå møtet i «arbeidsutvalet for nye Vestland fylkeskommune møter regionen» som var 4.februar.</p> <p>Erfaringsseminar om grunnlag for utvikling av regionråda. Er det grunnlag for dagens regionråd? Dette vart diskutert og Kari-Anne og Børge Haugetun tek innspel med seg til samlinga som er i Førde 15.februar.</p>
04/19	Ymse	<p>Møteplan</p> <p>Møteplanen vart gått igjennom og endringane godkjent.</p>



Kommunane i Hordaland

Nordhordland Utviklingsselskap IKS, Postboks 13, 5902 Isdalstø
Hardangerrådet, Postboks 78, 5782 Kinsarvik
Regionrådet Vest, Fjell kommune, Postboks 184, 5342 Straume
Samarbeidsrådet for Sunnhordland, Postboks 444, 5403 Stord

Saksbehandlar, innval
Håvard Rød,
5557 2143

Skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane - 2019

Fylkesmannen har i brev av 19.november 2018 invitert kommunane i Hordaland til å søkja om skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt (prosjektskjøn) for 2019. Prosjektmidlane er ein del av skjønsmidlane, som inngår i rammeoverføringa. Fylkesmannen har tidlegare fordelt kr 88,0 mill. i ordinært skjønstilskot av den samla skjønssamma på kr 115,6 mill. til kommunane i Hordaland for i år.

Av den delen av skjønsmidlane som står att, kr 27,6 mill., blir kr 15,15 mill. no fordelt som prosjektskjøn til fornying- og innovasjonsprosjekt i kommunane. Det blir gitt tilskot til 28 av søknadene etter at Fylkesmannen har motteke til saman 43 søknader frå kommunane. Samla søknadssum er om lag kr 39,8 mill.

Det blir gitt kr 500.000,- i tilskot til Austrheim kommune knytt til barnevern. Dette inngår i den samla fordelinga av prosjektskjøn på kr 15,15 mill. Det blir gitt tilskot for på kort sikt å avhjelpa utfordringar i barnevernet. Det må bli gjennomført ein prosess med sikte på at Austrheim kommune inngår i eit samarbeid med nye Alver kommune om barnevernstenesta.

Fylkesmannen har gitt prosjektskjøn frå og med 2015 til fem utvalde kommunar til satsing mot barnefattigdom. Tidsramma for tilskot til denne satsinga er fem år, det vil seie til og med 2019. Dette har vore ei særskilt satsing til føremålet. Samla deling i 2019 til satsinga er kr 6,5 mill.

Samla deling av prosjektskjøn blir med dette: kr 15,15 mill. + kr 6,5 mill. = kr 21,65 mill. Etter dette står det att av Hordalandskommunane sin del av skjønssamma for 2019: kr 27,6 mill. - kr 21,65 mill. = kr 5,95 mill.

Dette vil stå att i reserve til uføresette utgifter i 2019 og eventuelt til generell deling av gjenstående midlar.

Vedlagt følgjer oversyn over dei tiltaka som får prosjektmidlar i år.

Vi ber alle som er tildelt midlar gi tilbakemelding om det som er gjort og korleis midlane er brukte.



Rapportering for prosjektskjøn 2019 må bli gjort i den same databasen som er blitt nytta for søknader for 2019, det vil seie : <https://prosjektskjoenn.fylkesmannen.no>

Denne rapporteringa i databasen gjeld ikkje tilskot til den særskilte satsinga mot barnefattigdom.

Frist for rapportering for 2019 er 1. februar 2020. Tidsfristen for tilbakemelding kan bli endra.

Vi ynskjer lukke til med prosjekta.

Med helsing

Lars Sponheim

Gunnar O. Hæreid
assisterande fylkesmann

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg

	A	B	C	D	E	F	G	H	I	J	K	L
1	2019											
2												
3	Oversyn prosjektsøknader											
4												
5	J.nr. : 2019/3535											
6												
7												
8	Kommune	K.nr.	Tema	Søknad						Prioritering	Søknadsbeløp	Tilskot
9										reg.rådet		
10												
11			Barn og unge									
12												
13	Askøy		Kompetanseløft for assistentar og fagarbeidarar. Nr. 12								1325000	0
14												
15	Stord		Kompetanse og samarbeid rundt yngre, utfordrande brukarar.Nr. 23							S - 11	225000	200000
16												
17	Austrheim		Utvikling av system, rutinar og kompetanse for drift av									
18			interkommunalt barnevern i mindre kommunar.Nr. 30							N - 1	650000	500000
19												
20	Askøy		Implementering av alternativ supplerande kommunikasjon									
21			(ASK) i barnehagane.Nr. 53								995200	500000
22												
23	Askøy		Medverknad barn og unge. Nr. 35								185000	0
24												
25	Os		Barns levekår og barnefattigdom. Nr. 42								700000	400000
26												
27												
28	Sum										4080200	1600000

	A	B	C	D	E	F	G	H	I	J	K	L
29												
30			Omsorgstenester									
31												
32	Meland		Samordning av velferdsteknologi i Alver kommune									
33			(Meland, Radøy og Lindås). Nr. 13							N - 2	800000	600000
34												
35	Masfjorden		Samarbeid for planlegging, innføring og bruk av Velferdsteknologi i							N - 2	890000	600000
36			seks kommunar i Nordhordland. Nr. 14									
37												
38	Fjell		Førebyggjande rustiltak for ungdom i kommunane									
39			Fjell, Sund og Øygarden. Nr. 18							V - 2	1000000	900000
40												
41	Øygarden		Rehabilitering først. Nr. 19							V - 1	4000000	1600000
42												
43	Stord		Kompetansebank for rehabilitering, helse og omsorg									
44			i Stord kommune. Nr. 20							S - 7	300000	200000
45												
46	Stord		Fastlegen i den kommunale helse og omsorgstenesta. Nr. 54							S - 12	430000	0
47												
48	Askøy		Bustad for velferd - utviklingsprosjekt kommune og stat. Nr. 38								500000	400000
49												
50	Masfjorden		Psykologprosjekt. Samarbeid kommunane i Nordhordland									
51			om psykologteneste. Nr. 41							N - 1	300000	200000
52												
53	Kvinnherad		Saman om teknologi for smartare helse- og									
54			omsorgstenester. Nr. 43								2217000	0
55												
56	Vaksdal		Effektiv tenesteflyt. Nr. 45								750000	0

	A	B	C	D	E	F	G	H	I	J	K	L	
57													
58	Sum										11187000	4500000	
59													
60			Flyktningar										
61													
62	Meland		Grundersporet - alternativt introduksjonsprogram for flyktningar som vil starta										
63			eiga verksemd. Meland, Radøy og Lindås. Nr. 16							N - 4	500000	350000	
64													
65	Sum										500000	350000	
66													
67			Samfunnstryggleik og										
68			beredskap										
69													
70	Austevoll		Revisjon av KommuneROS Tysnes og Austevoll kommunar. Nr. 17							S - 6	500000	200000	
71													
72	Lindås		Samfunnstryggleik og beredskap i Alver kommune. Nr. 21							N - 3	500000	300000	
73													
74	Bergen		Vest brann- og redningsregion. Nr. 44								700000	300000	
75													
76	Ullensvang		ROS og beredskapsplan for Ullensvang kommune. Nr. 46										
77			I samarbeid med kommunane Jondal og Odda							H - 3	400000	300000	
78													
79	Sum										2100000	1100000	
80													
81			IKT										
82			Digitalisering										
83													
84	Fjell		Digitalisering i omsorgstenesta. Nr. 15										

	A	B	C	D	E	F	G	H	I	J	K	L	
85			I samarbeid med kommunane Øygarden og Sund								V - 4	1200000	0
86													
87	Bergen		Samordna regional digitalisering. Nr. 36										
88			omfattar alle Hordalandskommunane									7000000	5000000
89													
90	Bergen		Deling og bruk av data i offentleg sektor. Nr. 37										
91			omfattar 13 av kommunane									2000000	0
92													
93	Ullensvang		Digitaliseringsressurs for Teknisk sektor og samfunns-										
94			utvikling. I samarbeid med Odda og Jondal. Nr. 40									500000	0
95													
96	Sum										10700000	5000000	
97													
98			Tiltak innan miljø- og landbruksområdet										
99													
100	Radøy		Felles handlingsveg ved rydding av hogst nær viktig										
101			infrastruktur. Nr. 25									500000	250000
102													
103	Bergen		Utvikling av effektive løysingar mot marin forsøpling. Nr. 29									400000	300000
104													
105	Fitjar		"Nært og kjært" eit friluftsprosjekt. Friluftsrådet Vest. Nr. 33									200000	200000
106													
107	Meland		Klimarobust grasproduksjon - bønder som taklar dårleg ver. Nr. 34										
108			Samarbeid med Lindås og Radøy									165000	50000
109													
110	Eidfjord		Bosshåndtering Eidfjord. Nr. 47										
111			Klimavenleg avfallshandtering									600000	150000
112													

	A	B	C	D	E	F	G	H	I	J	K	L
113	Sum										1865000	950000
114												
115			Interkommunalt planarbeid									
116												
117	Bømlo		Samskaping i planarbeid. Nr. 22									
118			Samarbeid med Fitjar og Stord							S - 1	475000	400000
119												
120	Austevoll		Planlegging i sjø. Nr. 28									
121			Samarbeid Austevoll og Tysnes							S - 2	451000	400000
122												
123	Austevoll		Geovekstprosjekt - fornying av ortofoto. Nr. 31							S - 13	167886	0
124												
125	Austevoll		Oppfølging av ulovlege byggetiltak. Nr. 32							S - 9	150000	100000
126												
127	Vaksdal		Planarbeid knytt til Fellesprosjekt ny E16/Vossabane,									
128			på Vaksdal og Stanghelle. Nr. 49									
129			Gitt tilskot med kr 0,5 mill. i 2016, kr 0,5 mill. i 2017 og kr 2,0 mill. i 2018								3600000	0
130												
131	Meland		Kvalitetsheving og innovasjon - digitalt planregister. Nr. 50									
132			Meland, Lindås, Radøy - Alver kommune							N - 3	500000	250000
133												
134	Odda		Kommuneplan for nye Ullensvang kommune.									
135			Samarbeid Odda, Jondal og Ullensvang. Nr. 51									
136			Gitt tilskot med kr 0,5 mill. for 2018								500000	100000
137												
138	Sum										5843886	1250000
139												
140			Andre	føremål								

	A	B	C	D	E	F	G	H	I	J	K	L
141												
142	Bergen		Innovativ lokalsamfunnsutvikling. Nr. 24								235000	0
143												
144	Bergen		Insentiv til deltaking. Nr. 26								300000	0
145												
146	Bergen		Bli med teneste kultur og fritid seniorar. Nr. 27								1000000	0
147												
148	Meland		Opinionsundersøking kultur, frivilligheit og									
149			aktivitetar i Alver kommune. Nr. 39							N - 5	100000	0
150												
151	Øygarden		Samarbeidsarena for kompetanse og arbeidskraft. Nr. 48									
152			I samarbeid med Fjell, Askøy og Sund							V - 3	900000	0
153												
154	Sveio		Kommunal prosjektleiar NAV. Nr. 52									
155			I samarbeid med Kvinnherad, Stord, Tysnes, Bømlo og Fitjar							S - 3	1000000	400000
156												
157												
158	Sum										3535000	400000
159												
160	TOTALSUM - ordinære prosjekt										39811086	15150000
161												
162												
163	Satsing mot barnefattigdom - særskilt satsing											
164												
165					Kommunane :							
166					Bergen							2500000
167					Ullensvang							750000
168					Kvinnherad							750000

	A	B	C	D	E	F	G	H	I	J	K	L
169					Fjell							1250000
170					Askøy							1250000
171												
172					Sum tilskot barnefattigdom 2019							6500000
173												
174												
175	TOTALSUM - ordinære prosjekt og satsing barnefattigdom											21650000

Rapport, skjønsmidlar til fornying- og innovasjonsprosjekt i 2017 - 2018.

«Vertskommunesamarbeid innan barnevern».


Samanslåingsprosess 2017

Det vart i tråd med vedtak fatta i Fjell og Sund kommunestyre i februar 2017, inngått avtale om tenesteoverdraging knytt til utøving av barneverntenester gjeldande frå 1. juni 2017.

Med utgangspunkt i avtalen vart det utarbeidd plan å ivareta omstillingsprosessen i høve hovudområda Økonomi, Stillingar og arbeidsrelaterte tilhøve, Arkiv og IKT, Informasjon og felles fagutvikling. Knytt til alle desse områda vart det nedsett arbeidsgrupper som arbeidde fram imot samanslåinga for å ivareta prosess og resultat.

I tillegg er det vurdert naudsynt med ei eiga arbeidsgruppe for ivaretaking av diverse praktiske høve. Arbeidsgruppene var samansett av medarbeidarar frå både kommunar og arbeide vart leiar av Esther Vetås.

Tidslinje over prosessen fram imot samanslåing – juni 2017.



Det vart gjennomført fleire arbeidsmøter knytt til alle dei ulike arbeidsområda nemnd over.

ROS analyse 2017:

Det vart gjennomført risikoanalyse i både kommunar i forkant av samanslåinga, ei felles samling med dette som tema.

Det vart gjennomført medarbeidersamtalar med alle tilsette i Sund før samanslåinga.

Alle tilsette i Sund fekk gjennomgang i Fjell barnevernteneste si basisopplæring.

I etterkant av samanslåinga vart det gjennomført ein analyse av korleis dei tilsette opplevde samanslåinga og det vart utarbeidd ein evalueringsrapport. Prosessen vart i hovudsak opplevd positiv frå tilsette i både kommunar. Evalueringsrapport kan ettersendast om ønskeleg.

Oppfølging etter samanslåingsprosess 2018

Arbeid knytt til internkontroll (og avviksregistrering):

- Gjennomføring av to halve dagar med risikoanalyse
- 2 fagdagar / opplæring knytt til internkontroll og avvikssystem
- Opplæring til alle tilsette i praktisk bruk av datasystem for avviksregistrering (QM+)

Arbeid knytt til felles rutinar:

- Kontinuerlig arbeid knytt til rutine- og malarbeid
- Hausten 2018 vart det gjennomført opplæring i undersøkingsarbeid

Personalsoppfølging

- Det vart nedsett ei arbeidsgruppe for utarbeiding av felles personalrutinar, dette arbeidet er ikkje ferdigstilt.

Arbeid med verdiar:

- I 2018 vart det gjennomført 3 workshops og ein halv fagdag med dette tema med tanke på å skape eit felles verdigrunnlag.

Brukarundersøking er ikkje gjennomført.

Oppsummering:

I høve rutinearbeid vurderer vi at det er gjort eit godt arbeid og at begge kommunar har felles rutinar. I høve arbeidet med internkontroll og avviksregistrering vurderer barneverntenesta at mykje arbeid gjenstår. Vidare er begge desse fagområda område som krev kontinuerlig arbeid uavhengig av samanslåings-prosessen.

I høve felles kultur og kompetanse vurderer barneverntenesta at det i stor grad framstår at tenesta har utvikla ein felles kultur og jamn kompetanse. Tenesta har særleg fokus på «Mitt liv» verdiar som bidreg til felles verdiar blant tilsette.

Straume, 27.05.19

Bård Tyldum

Leiar for barneverntenesta